

# Torvtaking i Veneset

Av **Knut Arvid Langeland**

-Eg hugsar myra som kjempestor. Nesten uendeleg. No ser eg at det var ikkje myra som var stor, det var vi som var små.

Reidar Sellevoll (84) er attende. Framfor han ligg torvmyra han minnest så godt, om enn litt upresist. No strøymer andre minne på. I hovudet ser han dei så tydeleg for seg at det like gjerne kunne vore i går dei var her, alle dei som no for lengst er farne. Karane som grov og spadde, bar og krakka. Husmødrene som kom med mat. Tenestejentene, ungane, kipene, kjørle, leiken og torvhusa.

Mykje har endra seg. No ruvar granskogen over det meste av Veneset. Han gir god ly mot vinden, men er samstundes knugande innpåsliten.

-Før var landskapet her ope og vidt. Berre haug og hammar like til Radsundet, seier Sellevoll.

Han står inne mellom tuftene i eit av dei gamle torvhusa. Tre av dei ligg på rekkje inntil ura på austsida av myra. Det fjerde ligg inntil ein hammar, femti meter lenger vest. Stein til å mura med fann dei på plassen. Inni eit av torvhusa finst dei rusta restane av det som ein gong har vore ei torvmaskin. Den vart brukt til å gjera den fuktigaste torva om til handterbare ruter.

-Ei torvmaskin var ei tønne med innmat i, lik den som står der borte, seier Sellevoll og peikar på noko som liknar på ei stong med ein propell på.

-Så var det eit hjul oppå og eit på sida som du snudde, slik at skiten du heiv oppi vart malen. Den oppmala skiten vart så pressa ut gjennom ei opning i botnen av tønna. Her var det akkurat plass til spaden. Skiten på spaden vart plassert på bakken, der han tørka og stivna i løpet av eit par veker, fortel Sellevoll.

Å ta eller skjera torv var tungt arbeid. "Å vera i torve" var berre kjekt, slik Reidar minnest det. På ungane var det få oppgåver, men mykje lek og moro. Berre når utegangarane til han Ragnvald skulle samlast til vårklyppen, fekk ungane gjera skikkeleg nytte for seg. Då sprang dei over haugane og fekk jagd sauene på plass. Han Ragnvald nytta høvet når folk var samla, til å få gjort det arbeidet óg. "Rasjonaliseringsgevinst" eller "synergi", ville ein kanskje kalt grendadugnaden i dag.

Torv til brensel er vorte brukt i Noreg og i mykje av Nord-Europa gjennom fleire tusen år. Ikkje før straumen kom til bygder og grender, kanskje så seint som på 1950-talet, vart det slutt på torvtakinga lokalt. Spora etter denne aktiviteten er framleis talrike, men dei som hugsar, er i ferd med å døy ut.

Reidar Sellevoll er slik eit sjeldant tidsvitne om ein epoke som endte då han enno var ein ung gut, utan kunnskap og røynsle om korleis ting tar slutt, tider skiftar, folk døyr, tradisjonar endrast, levemåtar opphøyrer. Kanskje tenkte han om torvtakinga at den óg skulle vara evig,

og at han, ein dag, skulle vera nett som Alfreden. Den store og sterke som kunne stå i time etter time nede i torvskåren og lempa torv opp på kanten.

Nokre generasjonar seinare har han sett velstanden og overfloden breia seg frå by til bygd, frå grend til utkant, frå landsende til landsende, men endå om torvtakinga var eit sabla slit, skin minnet om denne sjauen, som samla nabolaget til kollektiv innsats, framleis som eit smykke i minnet.

Reidar får bilete i hovudet. Fine bilete av gardskonar med sjal på hovudet. Over kanten på torvstien i sør kom dei, berande på kiper og korgar med glas og porselenskjørl og spann med suppe og annan mat. Men også rare bilete, som det av tenestejenta Gerda som hadde ramla og skitna til kledda sine. Nye klede vart henta, og etter kleskiftet var det nokre gutungar som hadde fått tak i den skitne underbuksa hennar. Den festa dei til ein kjepp og sprang rundt med.

-Etter maten, som oftast blei inntatt liggjande, var det middagskvil. Då var det berre å rulla seg rundt. Det var eit høgdepunkt, det. Du veit, det var alltid fint vêr når me gjekk i torva, og i pausane, før arbeidet tok til att, gjekk praten livleg, fortel Sellevoll.

Torvretten, altså retten til å ta torv, følgde ikkje vanlege eigedomsgrenser. Myra låg gjerne på grunnen til éin grunneigar, men i den same myra kunne det vera mange som hadde torvrett, endå om dei ikkje hadde eigedommsrett til sjølve grunnen.

-Vart det krangel og ufred av slikt?

-Nei, det vart det ikkje, seier Sellevoll. Han hugsar ikkje anna enn hjelpsemnd og harmoni ute i torva.

-Men det var om å gjera å utnytta teigen sin, så veggen mellom den eine og den neste toskøren (torvskåren) kunne bli tynn. Det hende at veggen brast og myrvatnet strøymde inn. Då måtte ein vera snar med å koma seg opp og i tryggleik.

Torvtakinga skjedde alltid om våren, like etter 17. mai. Potetene var komne i jorda, og bøen var harva. Ikkje lenge etter var det klart for våronn, så det var mykje som skjedde nett på denne tida. Reidar Sellevoll opplevde torvtakinga som eit kjærkome avbrot frå det vanlege gardsarbeidet, nesten som ein fridag. Men det låg eit stort alvor i botn. Utmarka som i dag er prega av tilgroing og alt anna enn mangel på trevirke, var den gongen heilt nedbeita. Særleg langsmed kysten var ein avhengig av torv til fying gjennom vinteren.

Etter at torva var teken, måtte ho tørkast. Det skjedde ute på bakken mellom steinane, der torva vart krakka. Dei firkanta torvrutene vart sette opp mot kvarandre, fire og fire, med ei femte rute på toppen. Slik fekk dei stå og tørka. Medan torva enno var våt, sette dei eit lite spor i henne på midten. På den måten vart den tørre torva lett å knekka når ho skulle i omnen. Den tørka torva vart så boren inn i torvhusa. Om vinteren vart torva henta heim i kiper.

I dag er tufter etter torvhusa det mest synlege minnet om denne tida og denne tradisjonen. Oppe på eit fjell, ute på eit nes, inne i ein skog, men alltid inntil ei myr, finst dei. Moderne menneske som snublar over desse tuftene, gjerne overgrodd av skog, har dårlege

føresetnader for å vita kva desse bygningsrestane ein gong har vore. I Veneset er eit arbeid sett i gang for å vøla desse tørrmurte veggane og setja tak oppå. Sjølv sagt i tråd med gammal byggeskikk. Den hogstmodne delen av skogen, planta på 60- og 70-talet, skal parallelt takast ut.

-Eg håpar å få fleire med meg, men iallfall det torvhuset som høyrde til han Ragnvald, min bestefar, sin eigedom, skal setjast i stand, seier Claus Sellevoll. Han kjøpte ut slektningane sine og overtok eigedomen han voks opp på, inkludert utmarka i Veneset, 23. mai i 2018. Sidan har han brukt mykje tid på å rydja og pussa og stella med jorda, slik at ho kan bli produktiv att, men også vakker å kvila auget på.

Claus har ærefrykt for arbeidet på ein vestlandsgard. Det har han etter bestefar sin. Han hugsar kor nøye han Ragnvald var, og korleis kvart strå på slåttemarka vart nytta. Han er for ung til å ha vore med "i torva", men er nysgjerrig på livet slik dei levde det for ein og to generasjonar sidan. Det viser han i all si ferd, der han med stort pågangsmot set seg føre å setja garden på Sellevoll attende til slik han ein gong var.

Å setja i stand att torvhusa er i tråd med Claus sitt tankegods, Claus sitt verdigrunnlag, Claus sin grunnleggjande respekt for forfedrane og deira innsats. Eit restaurert torvhus er eit handfast bevis på denne respekten, men også eit band til å bitta saman ny og gammal tid med.

Torvhuset kjem aldri til å fyllast att med brennstoff frå myra attmed. Snarare skal torvhuset fylla eit kapittel i ei historie som treng å forteljast. No og i framtida.